

Utval: **Fellesnemnda**
Møtestad: Scandic Ørn, Bergen
Dato: 23.05.2019
Tidspunkt: 10:00-16:45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A Forfall kl.13.30-14.35
Roald Kvamme	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Bjørn Erik Hollevik	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Jenny Følling	Nestleiar	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Hilmar Høl	Medlem	A
Helen Hjertaas	Medlem	A
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Gunhild Berge Stang	Medlem	V

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Karianne Torvanger	Hilmar Høl	A
Torbjørn Vereide	Helen Hjertaas	A
Kjell Gitton Håland	Anne Gine Hestetun	A Møtte kl. 13.30-14.35
Marita Aarvik	Frp Gunhild Berge Stang	V

Merknader

Det møtte ingen vara for Aleksander Øren Heen. Det var 23 medlemer til stades i møtet.
 Natalia Golis (MDG) og Terje Kollbotn (R) møtte under behandling av sak PS 31/19.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleiar
Tore Eriksen	Fylkesrådmann, Sogn og Fjordane
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling, Hordaland
Thorbjørn Aarethun	Seniorrådgjevar, Hordaland
Anne-Kjersti Stenehjem	Seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane
Nils Egil Vetlesand	Fylkesdirektør økonomi- og organisasjonsavdelinga, Hordaland
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet, Hordaland
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, Hordaland
Silje Lyngstad	Rådgjevar, Hordaland
Jan Erik Angelskår	Spesialrådgjevar, IT-seksjonen, Hordaland
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar, Hordaland
Bjarte Johansen	IKT-konsulent, Sogn og Fjordane
Håvard Fjellanger Rolland	Fagarbeidar IKT, Sogn og Fjordane
Petter Lem Gullestad, møtesekretær/spesialrådgjevar Hordaland	

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 26/19	Godkjenning møteinnkalling		
PS 27/19	Godkjenning møteprotokoll Fellesnemnda 13.03.19	2019/3389	
PS 28/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 15/19	Administrativ organisering og leiingsdeling	2018/16486	
RS 16/19	Organisasjonsstruktur for ny kollektiveining i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
RS 17/19	Fylkeskommunane sine vedtak om innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033	2018/16486	
RS 18/19	Status i prosjekt for felles organisasjonskultur, Vestland fylkeskommune	2019/11599	
RS 19/19	Evalueringssrapport Kulturkonferansen Vestland 2019	2018/15031	
RS 20/19	Lokalisering av AMK-sentral for luftambulansen i helse Vest	2019/11412	
PS 29/19	Ymse		
PS 30/19	Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune	2015/1434	
PS 31/19	Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - arbeidsdokument 3/19	2018/16486	
PS 32/19	Fylkesordførarkjede til Vestland fylkeskommune	2019/2767	
PS 33/19	Oppdatert møteplan hausten 2019	2015/1434	
PS 34/19	Overføring av ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar til fylkeskommunalt nivå	2019/10691	
PS 35/19	Inntaks- og formidlingsforskrift til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – skuleåret 2020/2021	2018/15997	
PS 36/19	Vidareføring av medlemskapet i KS	2015/1434	
PS 37/19	Rekneskapsrapport pr. april 2019 - Samanslåingskostnadar	2019/11689	
PS 38/19	Fråsegn vedkomande Stad skipstunnel	2015/7	

PS 26/19 Godkjenning møteinkalling

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Møteinkallinga og sakslista vart godkjend utan merknader.

PS 27/19 Godkjenning møteprotokoll Fellesnemnda 13.03.19

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Møteprotokoll frå møte i fellesnemnda 13.03.2019 vart godkjend utan merknader.

PS 28/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Referatsaker RS 15-20/19 vart refererte.

PS 29/19 Ymse

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Orienteringar

- Fylkesmannen i Vestland v/fylkesmann Lars Sponheim
- Status prosjekt Nye Vestland fylkeskommune v/prosjektleiar Rune Haugsdal
- Tilhøvet mellom dei to noverande fylkeskommunane og Vestland fylkeskommune – før konstituering og etter konstituering fram til 1.1.2020 v/Bertil Søfteland
- Kultur og identitetsprosjektet v/Rune Haugsdal og Arild Sondre Sekse

Fråsegn

Terje Søviknes (Frp) sette fram forslag om fråsegn til regjeringa (med kopi Hordalandsbenken og Sogn og Fjordanebenken) vedkomande Stad skipstunnel. Fellesnemnda vedtok samråystes å realitetsbehandla fråsegna og setje fråsegna på sakskartet som ny sak.

PS 30/19 Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Fellesnemnda rår fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland til å vedta varianten av fagkomitéen sitt tilrådde vinnarforslag, med fargealternativ 6 (djup blå/sølv), til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Bytt ut fargealternativ 6 med fargealternativ 4.»

Røysting

Oen sitt forslag fekk to røyster (SV og 1 SP) og fall.

Prosjektleiar sitt forslag fekk 21 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Innstilling til fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland

Fellesnemnda rår fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland til å vedta varianten av fagkomitéen sitt tilrådde vinnarforslag, med fargealternativ 6 (djup blå/sølv), til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

PS 31/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - arbeidsdokument 3/19

Forslag til vedtak

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek prosjektleiar sin presentasjon om kommuneoposisjonen til orientering.
2. Fellesnemnda som finansutval godkjenner inndelinga av budsjettet i sektorar med tilhøyrande løyvingsnivå slik det er presentert. Vidare sluttar fellesnemnda som finansutval seg til den førebelse skisserte fullmaktsstrukturen i høve til kven som kan gjere budsjettendringar i gjennomføringa av vedteke budsjett.
3. Fellesnemnda som finansutval legg til grunn at det samla investeringsbudsjettet innanfor bygg og fylkesveg i Vestland fylkeskommune vert redusert med 418 mill. kr i 2020. Nettobeløpet, det vil seia eigenfinansiering som krev låneopptak er om lag 335 mill. kr.
4. Fellesnemnda tek prosjektleiar si tilnærming til å løyse salderingsutfordringa til orientering.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Det må arbeidast vidare politisk med å få auke inntektsrammene, mellom anna med å få dekka auka kostnader med miljøvennlege ferjer, hurtigbåtar og el-bussar og innretning på tapskompensasjonsordninga. Det same gjeld det økonomiske forholda knytt til overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane.»

Åshild Kjelsnes (A) sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 3:

set inn ordet *førebel*s før ... legg til grunn i 1. linje.

Tilleggspkt til slutt:

Framdrift av Fv614 Svelgen - Indrehus vert ikkje skjøven ut i tid.»

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3:

Fellesnemnda som finansutval ber om at planlegginga av vedtekne investeringsprosjekt held fram slik at det ikkje oppstår forseinkingar. Nytt finansutval etter haustens val må gjere ei samla vurdering av eventuelle endringar i investeringsbudsjettet før innstilling av budsjett og økonomiplan til Fylkestinget.»

Sigurd Reksnes (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3:

Fellesnemnda som finansutval legg førebels til grunn at det samla investeringsbudsjettet innanfor bygg og fylkesveg i Vestland fylkeskommune vert redusert med 418 mill. kr i 2020. Nettobeløpet, det vil seia eigenfinansiering som krev låneopptak er om lag 335 mill. kr. Fellesnemnda som finansutval ber om at planlegginga av vedtekne investeringsprosjekt held fram slik at det ikkje oppstår forseinkingar.»

Trude Brosvik (KrF) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til pkt 4:

Fellesnemnda/finansutvalet ber om at det blir synleggjort kva verknader dei ulike framlegga til innsparingar vil medføre på den enkelte tenesta.»

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag punkt 1 med Følling sitt forslag til tillegg vart samrøystes vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Kjelsnes sitt forslag punkt 3 fekk 9 røyster (A og 1 H) og fall.

Søviknes sitt forslag punkt 3 fell 8 røyster (FrP og H) og fall.

Reksnes sitt forslag punkt 3 fekk 15 røyster (Sp, A, KrF, V, SV) og vart vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 3 fekk inga røyster og fall.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 4 med Brosvik sitt forslag til tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda tek prosjektleiar sin presentasjon om kommuneproposisjonen til orientering. Det må arbeidast vidare politisk med å få auke inntektsrammene, mellom anna med å få dekka auka kostnader med miljøvennlige ferjer, hurtigbåtar og el-bussar og innretning på tapskompensasjonsordninga. Det same gjeld det økonomiske forholda knytt til overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane.
2. Fellesnemnda som finansutval godkjenner inndelinga av budsjettet i sektorar med tilhøyrande løvingsnivå slik det er presentert. Vidare sluttar fellesnemnda som finansutval seg til den førebelse skisserte fullmaktsstrukturen i høve til kven som kan gjere budsjettendringar i gjennomføringa av vedteke budsjett.
3. Fellesnemnda som finansutval legg førebels til grunn at det samla investeringsbudsjettet innanfor bygg og fylkesveg i Vestland fylkeskommune vert redusert med 418 mill. kr i 2020. Nettobeløpet, det vil seia eigenfinansiering som krev låneopptak er om lag 335 mill. kr. Fellesnemnda som finansutval ber om at planlegginga av vedtekne investeringsprosjekt held fram slik at det ikkje oppstår forseinkingar.
4. Fellesnemnda tek prosjektleiar si tilnærming til å løyse salderingsutfordringa til orientering. Fellesnemnda/finansutvalet ber om at det blir synleggjort kva verknader dei ulike framlegga til innsparingar vil medføre på den enkelte tenesta.

PS 32/19 Fylkesordførarkjede til Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda oppmener to – 2 – folkevalde til å delta i prosjektgruppa
2. Fellesnemnda slutter seg til prosessen om nytt fylkesordførarkjede til Vestland fylkeskommune, slik den er presentert i saksframlegget.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fellesnemnda oppnemner Åshild Kjelsnes, Benthe Bondhus, Bjørn Hollevik og Nils Marton Aadland til å delta i prosjektgruppa.»

Røysting

Følling sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke mot inga røyster for prosjektleiar sitt forslag punkt 1, som fall.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda oppnemner Åshild Kjelsnes, Benthe Bondhus, Bjørn Hollevik og Nils Marton Aadland til å delta i prosjektgruppa
2. Fellesnemnda sluttar seg til prosessen om nytt fylkesordførarkjede til Vestland fylkeskommune, slik den er presentert i saksframlegget.

PS 33/19 Oppdatert møteplan hausten 2019

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda vedtek oppdatert møteplan for hausten 2019 frå og med konstituering av Vestland fylkesting, fylkesutvalet, valnemnda, finansutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, hovudutval for kultur, idrett og integrering, administrasjonsutvalet, klagenemnda, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkesting for ungdom og Vestland fylkesting og trafikktryggingsutvalet slik det går fram av side 3 i denne saka.
2. Fellesnemnda rår Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til å vurdere og justere si eiga møteplan for hausten 2019 frå og med datoен då Vestland fylkesting blir konstituert.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda vedtek oppdatert møteplan for hausten 2019 frå og med konstituering av Vestland fylkesting, fylkesutvalet, valnemnda, finansutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, hovudutval for kultur, idrett og integrering, administrasjonsutvalet, klagenemnda, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkesting for ungdom og Vestland fylkesting og trafikktryggingsutvalet slik det går fram av side 3 i denne saka.
2. Fellesnemnda rår Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til å vurdere og justere si eiga møteplan for hausten 2019 frå og med datoen då Vestland fylkesting blir konstituert.

PS 34/19 Overføring av ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar til fylkeskommunalt nivå

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune ønsker at Samferdselsdepartementet forvaltar avtalen med Sunnhordland lufthavn AS i 2020.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar saman med Stord kommune utarbeider framlegg til eigarstrategi som kan danne grunnlag for forhandlingar med Sunnhordland lufthavn AS om ny avtale frå og med 2021.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Pål Kårbo stilte spørsmål om han var inhabil då han er styremedlem i Sunnhordland lufthavn AS. Kårbo gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fellesnemnda vedtok samrøystes at Kårbo ikkje var inhabil. Kårbo tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune ønsker at Samferdselsdepartementet forvaltar avtalen med Sunnhordland lufthavn AS i 2020.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar saman med Stord kommune utarbeider framlegg til eigarstrategi som kan danne grunnlag for forhandlingar med Sunnhordland lufthavn AS om ny avtale frå og med 2021.

PS 35/19 Inntaks- og formidlingsforskrift til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – skuleåret 2020/2021

Forslag til vedtak

Fellesnemnda tek inntaks- og formidlingsforskrift gjeldande for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020/2021 til etterretning.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegne av H, Frp og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fellesnemnda vedtek inntaksmodell 1, fritt skuleval for opptak i vidaregåande skule i heile Vestland.
2. Fellesnemnda ber prosjektleiar komme tilbake med forslag til reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande skule i Vestland.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag

«Eg vil stemma mot desse to punkta.

Kap 1
§1-1, punkt 1

Kap 2
§2-1, punkt 1»

Røysting

Bjørkly sitt forslag fekk 8 røyster (H, Frp og V) og fall.
Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.
Prosjektleiar sitt forslag fekk 14 røyster (A, Sp, KrF og SV) og vart vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda tek inntaks- og formidlingsforskrift gjeldande for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020/2021 til etterretning.

PS 36/19 Vidareføring av medlemskapet i KS

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda vil informere KS om at Vestland fylkeskommune vil erstatte Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune som medlem i KS inkludert arbeidsgjevarverksemda i KS med verknad frå 1. januar 2020
2. Prosjektleiar og leiar av Fellesnemnda vert gjeve fullmakt til i signere dokumentet for tilslutning til arbeidsgjevarverksemda i KS og overføring av fullmakt.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda vil informere KS om at Vestland fylkeskommune vil erstatte Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune som medlem i KS inkludert arbeidsgjevarverksemda i KS med verknad frå 1. januar 2020.
2. Prosjektleiar og leiar av Fellesnemnda vert gjeve fullmakt til i signere dokumentet for tilslutning til arbeidsgjevarverksemda i KS og overføring av fullmakt.

PS 37/19 Rekneskapsrapport pr. april 2019 - Samanslåingskostnadar

Forslag til vedtak

Fellesnemnda tek tertialrapportering pr. 30.april 2019 for samanslåingskostnadar for Vestland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda tek tertialrapportering pr. 30.april 2019 for samanslåingskostnadar for Vestland fylkeskommune til orientering.

PS 38/19 Fråsegn vedkomande Stad skipstunnel

Saksprotokoll i fellesnemnda - 23.05.2019

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp, H, V, A, Sp og KrF fram slikt forslag til fråsegn:

«Fellesnemnda for Vestland fylke syner til Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel til rullering av Nasjonal Transportplan 2022-33.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for Vestland fylke og skipsfarten langs kysten. Prosjektet har positiv verknad på både tryggleik, klimagassutslepp og overføring av gods frå veg til kjøl. Det er no gjennomført KS2 for prosjektet, samt prøveboringar. Fellesnemnda for Vestland fylke vil difor oppmoda Regjeringa om å følgja opp prosjektet for å sikre at det kan realiserast i tråd med prioriteringa i Nasjonal Transportplan 2018-29 med oppstart i 2021.»

Røysting

Aud Karin Oen (SV) stemte i mot fylste avsnitt i forslaget.
Søviknes sitt forslag vart elles samråystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda for Vestland fylke syner til Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel til rullering av Nasjonal Transportplan 2022-33.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for Vestland fylke og skipsfarten langs kysten. Prosjektet har positiv verknad på både tryggleik, klimagassutslepp og overføring av gods frå veg til kjøl. Det er no gjennomført KS2 for prosjektet, samt prøveboringar. Fellesnemnda for Vestland fylke vil difor oppmoda Regjeringa om å følgja opp prosjektet for å sikre at det kan realiserast i tråd med prioriteringa i Nasjonal Transportplan 2018-29 med oppstart i 2021.